
 Saknr: 2020/35543-297
 Saksbehandlar: Eva Kristin Svidall, Tone Stedal Haugland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur, våren 2020

Forslag til vedtak

 Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 1 510 000 kroner frå budsjettposten *Stønad etter vedtak* fordelt slik:

	1.0. Festivalar	
	Søkjjar	Tilråding
1.1	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	0
1.2	BERGEN JAZZFORUM	0
1.3	STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND	65 000
1.4	FRES FESTIVAL	0
1.5	STIFTINGA TYSNESFEST	0
1.6	STIFTINGA UTKANT	0
1.7	Bergen Metal Fest	35 000
1.8	Bergen Lights (er under Bergen Sentrum ut april 20) blir etter planen Ideelt AS fom 1.mai 20	0
1.9	LARS OVE SELJESTAD	20 000
1.10	Unison as	0
1.11	SVEIO KOMMUNE	0
1.12	STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER	15 000
1.13	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	33 000
1.14	SUNNFJORD MUSIKKFEST	40 000
1.15	BERGEN JAZZFORUM	20 000
1.16	DEN NORSKE KIRKE	90 000
1.17	SIMBA ARTS	0
1.18	ANIMERT KUNST FORENING	0
1.19	Bergen kirkeautunnale (Bergen domkirke sokn)	70 000
1.20	PAMFLETT	33 000
1.21	VILL VILL VEST	75 000
1.22	UKEN i Bergen (Norges Handelshøyskoles Studentforening)	0
1.23	SKÅNEVIK ARTIST OG VISEKLUBB	0
1.24	DANCERAT MERETHE IREN JOHNSON JØSOK	0
1.25	FJÆRA BLUESKLUBB	60 000
1.26	Stiftinga Målrock	0
1.27	Jølster Jazzklubb	0
1.28	Gloppen musikkforum	0

2.0. Utstilling		
	Søkjær	Tilråding
2.1	Luca Berti	0
2.2	DB	0
2.3	Foreningen Trykkeriet	0
2.4	OPA FORM AS	0
2.5	Marianne Berg	0
2.6	Samuel Brzeski	0
2.7	PIKSEL PRODUKSJONER LTD	0
2.8	Mikkel Wettre	0
2.9	Brynhild Winther	0
2.10	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	0
2.11	NINA BANG LARSEN	0
2.12	Cato Løland	0
2.13	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	18 000
2.14	Antikrigns-initiativet	0
2.15	NORTHING YILEI WANG	0
2.16	Isotop Fellesatelier	0
2.17	Kjersti Sletteland	0
2.18	BABZURDA	0
2.19	KUNSTGARASJEN	0
2.20	COAST CONTEMPORARY	45 000
2.21	HARALD E. TØRRESEN	0
2.22	HEIDI BJØRGAN	0
2.23	KUNSTNARHUSET MESSEN	0
2.24	FORENINGEN MIKROLABS	15 000
3.0. Produksjon - Utvikling		
	Søkjær	Tilråding
3.1	SIMBA ARTS	0
3.2	Anette Thorsheim	0
3.3	K. S. MATHISEN	0
3.4	ABSENCE AS	0
3.5	Anette THORSHEIM	0
3.6	Harding Puls	70 000
3.7	BOREALIS	35 000
3.8	Cato Danielsen/Gro Fyllingsnes	0
3.9	MARIA RØNHØVDE PRODUKSJONER	0
3.10	SCENEKRAFT AS	0
3.11	SKAPARSTOVO	0
3.12	Jeff Pedersen Productions	0
3.13	Susanne Urban	0
3.14	Syv mil as	0
3.15	Anthony Charles Morton	0
3.16	Anna-Lise Marie Dance (Anna-Lise Marie Hearn)	0
3.17	OFFERDAL FILM MERETHE OFFERDAL TVEIT	0
3.18	Arnfinn Kolerud	0
3.19	Stacy Brafield	0
3.20	UTØVANDE MUSIKK SØRHEIM	0
3.21	Odd Helland	0
3.22	Dans Uten Grenser	150 000
3.23	VATLE KULTUR AS	0
3.24	STIFTELSEN FARGESPILL	0
3.25	Tine Taule	0
3.26	Viljar Kristian Irtun Moe	0
3.27	KUNSTHÅNDVERKER LILLIAN DAHLE	0

3.28	23/7 SCENE AS	0
3.29	23/7 SCENE AS	25 000
3.30	Lillian Presthus	0
3.31	STAD LOCATION DA	0
3.32	Cameron MacLeod	0
3.33	SUNNFJORD KOMMUNE	0
3.34	Øyvind Aase	0
3.35	Nicolay Leganger	0
3.36	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	20 000
3.37	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	0
3.38	HEIDI TORSVIK	0
3.39	VFH - produksjoner	0
3.40	THE UNDERBERG HERBGIRL DANCEGARDEN thud! moving endangered spaces	0
3.41	Eva Pfitzenmaier	0
3.42	IM THINGNES	0
3.43	EVENTYR I PARKEN	0
4.0. Seminar - kurs		
	Søkjær	Tilråding
4.1	KLETTE PRODUKSJONER	0
4.2	Hordaland kunstsenter	0
4.3	JUNGELEN UNG SIMON ALEJANDRO LARSEN	0
4.4	UNG I KOR - VEST	0
4.5	Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	0
4.6	DANSEVERKSTEDET Jorunn Reina	20 000
4.7	Portmanteau Books	0
4.8	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	0
4.9	BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL (BIFF)	20 000
5.0. Turné		
	Søkjær	Tilråding
5.1	Corioliskvartetten	0
5.2	TORE KLOSTER	0
5.3	Karisma & Dark Essence Records AS	0
5.4	Monika Reksten	0
5.5	FRIDA ANDREASSEN LERENG	0
5.6	KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	90 000
5.7	FORSKNING TIL FOLKET - HENRIETTE Christie Ertsås	0
5.8	Scenekust Sunnfjord	0
6.0. Konsert - framvisning		
	Søkjær	Tilråding
6.1	STIFTELSEN MUSICANORD	20 000
6.2	Gitarekspresen	10 000
6.3	KRISTINLJOD BOLSTAD	0
6.4	ABC STUDIO AS	0
6.5	STIFTELSEN MUSEUM VEST/ved Fjell festning	0
6.6	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	0
6.7	MEDAASPRISEN	0
6.8	BAL MUSETTE ANS	10 000
6.9	CELLOSEBASTIAN DÖRFLER	0
6.10	STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	0
6.11	STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	0
6.12	ELSE OLSEN STORESUND	0
6.13	ANTIKK MUSIKK	0
6.14	Karisma & Dark Essence Records AS	0
6.15	Venelaget for kulturbedehuset Fredheim	0
6.16	STIFTELSEN VESTNORSK JAZZSENTER	0

6.17	ARJEN L.H. STOLK'S TRE TRADISJON HERAND	0
6.18	Anna Einemo Frøysland	0
6.19	Anna Zehentbauer	0
6.20	ULLENSVANG KOMMUNE v/ Litteratursymposiet i Odda	0
6.21	TEATER VESTLAND AS	0
6.22	Vokalensemblen Tabula Rasa	18 000
6.23	Øyvind Aase	0
6.24	AVGARDE	12 000
6.25	Ingvill Mjeldheim Holter	
6.26	Vokalensemblen Tabula Rasa	0
6.27	OSAFESTIVALEN AS	35 000
6.28	Alwynne Pritchard	0
6.29	DRIFT BK AS	0
6.30	Lina Taule Fjørtoft	0
6.31	OPERA BERGEN	50 000
6.32	Perfect Sounds Forever DA	20 000
6.33	BOTNAKARANE	20 000
6.34	SARA RØISLAND TORSVIK	0
6.35	NORDHORDLAND KULTURPRODUKSJON	0
6.36	Stephan Meidell	0
6.37	Hilary Foster	0
6.38	Ingrid Askvik	0
6.39	Kåre Lerum	0
6.40	Eva Pfitzenmaier	0
6.41	ADELE LÆRUM DUUS	0
6.42	Revelations Music AS	0
7.0. Arrangement		
	Søkjær	Tilråding
7.1	STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	0
7.2	LÆRDAL KOMMUNE	0
7.3	KUNSTLOGEN AS	0
7.4	Lyttelos	0
7.5	Performance Art Bergen	0
7.6	ICE MUSIC FESTIVAL NORWAY	33 000
7.7	KUNSTLOGEN AS	18 000
7.8	PEDERHUSETS VENER	0
7.9	SIMON ALEJANDRO LARSEN	0
7.10	TIDSSKRIFTET RØYST	0
7.11	After School Special	0
7.12	Fakultetet for kunst, musikk og design, UiB	0
8.0. Anna		
	Søkjær	Tilråding
8.1	GITTE SÆTRE	0
8.2	Brak	0
8.3	KETIL KINDEN ENDRESEN	0
8.4	KARISMA & DARK ESSENCE RECORDS AS	0
8.5	Arne Larsen	0
8.6	Urban Rabbe arkitektar as	0
8.7	KUNSTPILOTENE	0
8.8	LINDA RØYSETH SANDHÅLAND	40 000
8.9	STIFTELSEN DANSE- OG TEATERSENTRUM	0
8.10	UNIVERSITETET I BERGEN	70 000
8.11	BILETKUNSTNARANE I SOGN OG FJORDANE	20 000
8.12	Gunnstein Akselberg	0
8.13	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	0

8.14	Åsne Sunniva Søreide	0
8.15	ALDELES AS	0
8.16	Solveig Sørheim	40 000
8.17	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	0
8.18	NORSKE KUNSTHÅNDVERKERE	0
8.19	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	0
8.20	MADE IN SANE DA	0
8.21	Halvor Folgerø	30 000
8.22	HISTORY DISPOSAL UNIT	0
8.23	Marita Moen Sandven	0
8.24	PAMFLETT	0
8.25	HISTORY DISPOSAL UNIT	0
8.26	3,14	0
8.27	BRAK	0
	SUM	1 510 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over dei enkelte søknadane og fylkesdirektør si grunngjeving av tilråding.

Samandrag

Denne saka gjeld fordelinga av midlar gjennom tilskotsordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur etter vårfristen 8.mars. Vestland fylkeskommune mottok 197 søknader med total søknadssum på meir enn 15 millionar. Enkelte søknader er trekt grunna avlysing eller endra prosjekt som følge av covid-19-pandemien.

Det er svært mange søkjarar i forhold til midlane som er til fordeling, og fylkesdirektøren har difor måtte prioritere svært strengt, då tilgjengelege midlar er omlag 10% av total søknadssum.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B Skaar
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:	
Budsjett 2020:	4 423 000 kr under budsjettposten Stønad etter vedtak, som skal fordelast mellom denne ordninga og tilsvarende ordning for frivillig kulturliv. Fordeling mellom desse to ordningane er gjort på bakgrunn av innkomne søknadar. Begge ordningane har to fristar i året.
Søknadsfristar 2020:	8. mars 2020 og 1. september
Vedtaks kriteria:	KULII 21. januar 2020, PS 2/20
Kriteria og informasjon om ordninga:	Nettsida www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--profesjonell-kunst-og-kultur/
Vår 2020	
Tal på søknadar:	197
Tal på søknadar som er innstilt for tilskot:	39
Samla søknadssum:	15 046 855
Samla løyving for innstilling:	1 510 000
Midlar att til fordeling haust 2020	I overkant av 2 millionar til dei to prosjektilskotsordningane (avhengig av tildelinga innan ordninga <i>tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv</i>)

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Ordninga skal også sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet.

Ordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i dei regionale planane for kultur og skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i fylket. Ordninga skal omfatte kunst- og kulturprosjekt i regi av profesjonelle aktørar i Vestland, eller tiltak og prosjekt som er retta mot/går føre seg i fylket.

Vestland fylkeskommune har spesiell merksemd på barn og ungdom, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Vedtakskompetanse:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Absolutte kriteria

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle desse tre absolutte kriteria for å verte tilrådd støtte:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal stette ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og/eller verdi.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar

- Innspeling og utgjeving av litteratur, film og musikk. (Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.)
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstaropphald o.l.

Vurderingskriteria

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium (i tilfeldig rekkefølge):

- Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- Dokumentasjon av kulturhistorie
- Samarbeid og nettverk
- At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- Støtte og forankring i heimkommunar og ev. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som er oppfylte, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar

For 2020 ligg det totalt 4 423 000 kr i budsjettposten Stønad etter vedtak. Denne skal fordelast i ordningane for prosjekt og tiltak, til frivillig kulturliv og til profesjonell kunst og kultur - fordelt på to søknadsfristar i året. Det ligg no føre tilråding på fordeling av halvparten av midlane ved denne vårfristen. Elles er midlane fordelt mellom dei to ordningane ut frå søknadssum og -tal som låg føre ved fristen 8.mars. Fylkesrådmannen viser elles til sak om innretting og kriteria vedteke i Kulii

Det kome inn svært mange søknader til denne ordninga. Det er difor mange som får avslag sjølv om dei stettar kriteria, og dei som får innvilga stettar i svært høg grad vurderingskriteria som er sett opp. Meir strukturelle tiltak er prioritert. Det er omlag 1/3 av søknadane som er tilrådd støtte, og majoriteten av desse får berre innvilga deler av søknadssummen.

Jf. Innrettinga skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 10 000 og 100 000 kroner. For større prosjekt kan det vere aktuelt å søkje om støtte frå Kulturelt utviklingsprogram. Dette står opplyst på våre nettsider, men det er likevel mange søknadar med høgare søknadssum enn 100 000. Det er vedteke - av respekt for søkjar sitt prosjekt og finansieringsplan - at vi må innvilge minst 1/3 av omsøkt sum. Det vert då vanskeleg å prioritere desse søknadane med så høg søknadssum, gjerne fleire hundre tusen, med ei totalramme på omlag 1,5 millionar og meir enn 200 søknadar.

Søknadene som her vert lagt fram er noko prega av dette er eit overgangsår til ny fylkeskommune. Dei ulike kulturaktørane har tidlegare fått støtte gjennom ulike tilskotsordningar i våre to tidlegare fylkeskommunar, og det må no tilpassast nye strukturar på same tid som ein må ta vare på kulturaktørane. Til dømes er det enkelte tiltak som det her vert søkt om tilskot til som bør vurderast å gje driftsstøtte gjennom budsjettvedtak for 2021, og som vert innstilt på støtte for 2020 i denne ordninga.

Søknadane fordeler seg slik under ulike kategoriar som søkjar har vald i skjema. I vedlegget med omtale og vurdering er søknadane delt inn i dei same kategoriane:

Område	Tal søknader	Søknadssum	Totale utgifter	Tilråding
Festivalar	29	3 324 000	46 706 499	556000
Utstilling	24	1 982 847	482 000	78000
Produksjon - Utvikling	44	3 592 628	21 998 306	300000
Seminar - kurs	9	392 850	2 657 330	40000
Turné	9	631 000	2 688 463	90000
Konsert - framsyning	42	2 151 455	20 168 075	195000
Arrangement	13	866 125	3 738 195	51000
Anna	27	2 105 950	11 053 106	200000
Totalt	197	15 046 855	109 491 974	1 510 000

I oversikta ligg alle søknader som var sendt inn innan fristen, med den opprinnelege søknadssummen. Der det er justeringar i søknadssum og budsjett som får konsekvensar for handsaminga er det omtala i kommentar/ fylkesrådmannen si grunngeving.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderinga. Fylkesrådmannen ser også at det kunne vere trong for at søkjarar i større grad må omtale den regionale kulturverdien dei meiner å ha, og evt korleis dei skal oppnå dette. Dette bør takast med i vidare arbeidet med tilskotsordninga.

Vurderingar og verknader

Regional verdi

Alle dei tilrådde tiltaka skal - i følge kriteria - ha regional kulturverdi. Dette er eit absolutt kriteria som ligg i botnen for vurderinga ut frå dei andre vurderingskriteria. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Særleg når det gjeld profesjonell kunst kan dette vere vanskeleg å vurdere heilt skjematisk. Når det gjeld profesjonell kunst og meir spesialiserte tiltak har fylkeskommunen eit ekstra ansvar. Tilskotsmidlane kan gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i fylket, t.d. gjennom pilotprosjekt med overføringsverdi til andre. Dette er ikkje alltid lett å forutsjå. I retningslinene er omgrepet regional verdi forklara slik:

1. Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
2. Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Det er funksjonskriteriet som er mest vanskeleg å vurdere, særleg i starten på eit prosjekt. Med denne store søknadsmengda er det prioritert hardt, og dei fleste av dei tilrådde prosjekta har regional verdi både ut frå funksjonskriteriet og geografisk kriterium.

Dette har ført til at t.d. forprosjekt ikkje har blitt prioritert, og at det også er gitt avslag til utviklingsfasen av prosjekt. Meir strukturelle tiltak er også prioritert over utvikling av enkeltstående kunstprosjekt - jf at fylkeskommunen har eit tydeleg ansvar for utvikling og infrastruktur.

Fylkesdirektøren har sett gjennom denne søknadsrunda at ein kan hende bør setje høge krav for kva som skal vere av regional interesse og kva som dermed er eit regionalt ansvar. Den regionale verdien ser litt annleis ut i eit større fylke. På den andre sida er det viktig å kunne stimulere mindre, nyskapande prosjekt og tiltak som skjer rundt om i fylket, og slik utviklar kulturliv og samfunn. Dette er eit spenningsfelt, som kan hende må vere i ordninga, men som uansett bør utgreiast meir.

Koronasituasjonen

Rett etter søknadsfristen 8. mars kom det store restriksjonar i samfunns- og kulturliv på grunn av koronasmitte. Mange av søknadane gjeld aktivitetar som var planlagt å gå føre seg i vår og sommar, m.a. fleire festivalar. Fylkesdirektør valde å sende ut melding til alle søkjarane i denne ordninga for å gje dei høve til å melde eventuelle forandringar i søknad og prosjekt på grunn av koronakrisa.

Mange har meldt tilbake om dette. Nokon har trekt søknaden, andre meldt om utsetting av prosjekt og arrangement, og nokon om omarbeidingar av opprinneleg plan. Når det gjeld utsetting av arrangement til hausten er det ok. Når det gjeld utsetting lengre enn innverande år har vi vald å avslå søknadane no, og ber dei søkje igjen ved seinare søknadsfristar. Nokon har oppdatert søknaden til å verte eit prosjekt/tiltak som avvik for mykje frå den opprinnelege søknaden til å verte godkjend som ei oppdatering av denne. Dei må då evt søkje om tilskot til dette nye prosjektet ved neste søknadsfrist.

Det er framleis mykje usikkerheit kring korleis ein evt kan og bør innrette planlagde og omsøkte prosjekt også vidare utover haust og neste år. Alle tilsegn vert gitt med føresetnad om at det vert gjennomført. Unytta midlar går tilbake i søknadsordninga til fordeling ved seinare tildelingar.

Driftsstøtte og prosjektilskot

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Det ligg føre fleire søknadar frå verksemder som får driftsstøtte over fylkeskommunen sitt budsjett. Det er ulikt i kor stor grad desse driftstilskota kjem i møte behova og ønska aktivitetsnivå. Der det er løyvd midlar no vurderer fylkesdirektør at det no omsøkte tiltaket / prosjektet skil seg tilstrekkeleg frå det som bør løysast innan driftsbudsjetta, og at det ikkje er høve til å iverksette innanfor desse ramene.

Det har dei siste åra vore tronge ramar på kulturbudsjettet og lite høve til å ta inn nye søkjarar. Det ligg i denne søknadsbunka føre søknadar frå fleire verksemder som har søkt driftsstøtte frå fylkeskommunen gjennom fleire år utan at det er funne rom for å innvilge dette.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak, og der er gjengangarar frå begge dei tidlegare fylka i denne søknadsbunka. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjektilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Det er stor søknadsmengde i forhold til midlar ein har tilgjengeleg, og såleis kan ein vektlegge faktorane annleis i dei ulike søknadsrundane.

Festivalar

Det ligg føre mange søknader frå festivalar i denne ordninga. Det er i tillegg nokre, større festivalar som får driftstilskot over eiga line i VLFK sitt budsjett. Ved søknader om støtte til festivalar har ein no - i tillegg til dei generelle kriteria for ordninga - sett på festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket, og formidlingsevne og publikumsopplutning. Støtte frå kulturrådet si tilskotsordning for festivalar har også blitt vurdert som svært positivt for søknaden. Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd ein festivalstrategi, og fylkesrådmannen vil legge fram ei gjennomgang av festivalfeltet til Kulii i løpet av inneverande år.

Musikkfestivalfeltet er også særleg råka av avlysingar på grunn av koronakrisa.

Søknadar om støtte til kunstproduksjon

Det er fleire som søker om støtte til produksjon og produksjonsutvikling, Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det.

Når det gjeld det profesjonelle kunstfeltet vert funksjonskriteriet for regional kulturverdi svært ofte gjeldane i søknadane. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Fylkesrådmannen har prioritert tiltak og prosjekt som har tydeleg, regional verdi, dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjon. Dei har då ein plan for utbreiing og formidling. Det er også prioritert prosjekt som involverer fleire kunstnarar, og meir strukturelle tiltak.

Fylkesdirektøren har som hovudregel her ikkje prioritert å tilrå ekstra støtte til tingsingsverk til festivalar som får driftsstøtte over budsjett. Dette vert sett på som ein del av det festivalane søker om driftsstøtte for å oppfylle. Elles har fylkesdirektøren også hatt som hovudprinsipp å forholde seg økonomisk til infrastrukturen(her festivalane) og ikkje dei kunstnarane som vert engasjert.

Fylkesdirektør vil seinare sjå nærare på korleis fylkeskommunen skal forholde seg til kunstproduksjonsfeltet, kva ansvar ein har her, og kva reiskap ein evt bør innrette betre for å kome behova betre i møte.

Finansieringsplanar og budsjett

Dei fleste av søkerane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Det er likevel mange som har lite anna finansiering på plass då dei søkte Vestland fylkeskommune. Det vil si at det er ein usikker økonomi i mange av prosjekta. Men å få positivt svar frå ein instans kan også vere med på å få tilskot og sponsorstøtte frå andre partar.

Når det gjeld kommunal støtte til dei tiltaka som søker her må det merkast at det er få kommunale innvilga tilskot, med unntak av Bergen kommune. Støtte og forankring i heimkommune er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

T.d. Fylkesdirektør tilrår at 1 510 000 kroner vert fordelt slik det er lagt fram i vedtak og vedlegg. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.

Vedlegg: Oversikt over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving og innstilling